



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

# Reglar for skogbruksaktivitet i vernskogen i Karmøy kommune

*Fastsett av Fylkesmannen i Rogaland oktober 1996 med heimel i §§ 32 og 33 i lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965 og vedtak i Rogaland Fylkeslandbruksstyre 9.11.94. Reglane er utarbeidd i samsvar med gjeldande forskrifter og rettleiinga frå Landbruksdepartementet om forvalting av vernskog (M-0618).*

### Innleiing

#### § 1-1 (formål)

Formålet med reglane er å sikre at vernskogfunksjonen blir ivaretatt samtidig som næringsverksemd kan drivast i den grad det er forsvarleg. Dei skal verke avklarande for aktiviteten i vernskogen.

#### § 1-2 (virkeområde)

Reglane gjeld for vernskogen i Karmøy kommune, jfr. vedtak i Rogaland Fylkeslandbruksstyre 9.11.94. Her er fastsett ei vernskoggrense ut mot havet i vest. Mindre justeringar kan kommunen gjere i oversiktsplanen for skogbruket.

#### § 1-3 (sakshandsaming)

Kommunen som skogoppsyn står for sakshandsaming og skal ha melding om hogst. Kommunen vedtek om hogst kan gjennomførast eller ikkje.

### Skogkultur og hogstføring

#### §2-1 (meldeplikt)

Flatehogst større enn 2 daa skal meldast til skogoppsynet i kommunen seinast 3 veker før hogsten blir sett i gang. Om kommunen ikkje godkjener hogsten, skal grunneigar ha melding om dette så snart råd er, eller seinast 1 veke før hogsten er tenkt sett i gang. I slike høve skal skogoppsynet i kommunen grunngje årsakene til at godkjenning ikkje vert gitt, eventuelt kome med justeringar som gjer godkjenning mogleg. Får grunneigaren ikkje svar frå kommunen, er hogsten å rekna som godkjent. Kommunen sender kopi av meldinga til Fylkesmannen. Unnateke meldeplikta er hogst av ved til eige husbehov. Med husbehov meinast her ved til husvære på eigen gard og hytter til eige bruk. For anna vedhogst gjeld meldeplikt som elles. Kommunen sitt vedtak om godkjenning gjeld i 2 år. Etter dette må hogst meldast på nytt.

#### § 2-2 (hogstføring)

Ein skal hogge frå lesida mot herskande vindretning. Etter hogst skal det stå att eit belte med skog, minimum 10 meter, eller ei trehøgde, breitt. I tillegg skal det ved hogsten bli tatt omsyn til jordbruk, bustadområde og friluftsliv, slik at le- og vernefunksjonen blir oppretthalde for desse.

#### § 2-3 (flatestorleik)

Maksimal flatestorlek ved snauhogst er 10 daa. Om flata ligg inntil eigedomsgrensa skal ein setja att eit belte med skog tilsvarande ei trehøgde mot naboen. Om ein høgg fleire flater skal minste avstand mellom dei vere 2 trehøgder. Flata kan ikkje utvidast før den nye skogen har nådd ei høgde på 2 m og ein har tilfredsstillande tettleik.

Fylkesmannen/ administrasjonen	Kommunalavd.	Sosial- og familieavd.	Miljøvernadv.	Beredskapsavd.	Landbruksavd.
Telefon 51568700 Telefax 51568811	Telefon 51568700 Telefax 51568811	Telefon 51568700 Telefax 51568877	Telefon 51568700 Telefax 51529027	Telefon 51568700 Telefax 51525190	Telefon 51856800 Telefax 51895551

**§ 2-4 (forynging)**

Treslag og proveniensar skal godkjennast av skogoppsynet i kommunen. Dei skal vere serleg godt tilpassa lokalklimaet.

## **Vegbygging**

**§ 3-1 (planlegging og godkjenning)**

Kommunen skal ved handsaming av vegsaker ta omsyn til vernskogen i utforming og omfang av dekningsområde, vurderingar av ståande volum og vegtrasé. Ved godkjenning av veg i vernskog skal ein legge vekt på at desse omsyna er tatt med i planlegginga, og på denne måten sikre at skogsdrift i området skjer i samsvar med reglane for skogbruksaktivitet i vernskogen i Karmøy.

## **Tilskot**

**§ 4-1 (førehandsgodkjenning)**

Tildeling av tilskot til skogbrukstiltak i vernskog vert berre gitt etter førehandsgodkjenning av skogoppsynet i kommunen.

## **Avsluttande føresegner**

**§ 5-1 (dispensasjon)**

Fylkesmannen i Rogaland kan dispensere frå desse reglane.

**§ 5-2 (klage)**

Vedtak etter desse retningslinene fatta av skogoppsynet i kommunen kan påklagast til Fylkesmannen.

**§ 5-3 (brot)**

Den som forsettleg eller uaktsamt bryt eller medverker til brot av desse reglane, kan miste rett til blinking i eigen skog. jfr. skogbrukslova § 15.

**§ 5-4 (ikraftsetjing)**

Desse reglane tek til å gjelde frå 1. januar 1997

**Vedlegg:** Skjema for melding av hogst i vernskog

# Vernskog - oversikt over kommunane i Rogaland

For kvar einskild kommune gjeld eigne reglar, tilpassa vedtaket i fylkeslandbruksstyret. For alle kommunar gjeld at hogst skal meldast på eige skjema.

## Kommuneoversikt:

Kommune	Vernskog?	Vernskoggrense
Egersund	JA	Vest for jernbanen fra Hå kommunegrense til Egersund. Derfra vider vest for Rv 44 til Sokndal kommunegrense
Finnøy	JA	Hele kommunen unntatt Ombo
Forsand	JA	400 m.o.h. i ytre strøk, 500 m.o.h. i indre strøk, 450 m.o.h. i Vindalen sør for Tørrejuvet, Daladalen, nordvestsida av Fylgjesdalsvatnet og Oaland-Haukelibrynet.
Gjesdal	JA	Eksisterende og nye områder som er disponert til friområde i kommuneplanen, og regulert til friområde/friluftsområde i h.h.t. plan og bygningslovens § 25 pkt. 4 og 5, samt område merka K8 Giljastølen.
Hjelmeland	JA	400 m.o.h.
Hå	JA	Vest for jernbanen
Karmøy	JA	<b>Vest for ein line frå Falnes kirke til Liastemmen, videre til Heiavatnet på Haringstad, herfrå langs Rv 14 til Eidekrysset, videre langs Fv 851 og 850 over Sund-Ytraland til Fv 581, austover til Rv 14, videre til Karmsund bro-Spannavegen over Ørpetveit til grensa for Haugesund kommune.</b>
Klepp	JA	Hele kommunen
Randaberg	JA	Hele kommunen
Sandnes	JA	Områder som i vedtatte arealplaner er betegnet som "friområde i tettbebyggelse" eller "friluftsområde/naturreservat"
Sauda	JA	Grense for produktiv skog i tiltaksplanen minus 25 m.o.h.
Sola	JA	Hele kommunen
Stavanger	JA	Hele kommunen
Strand	JA	400 m.o.h.
Suldal	JA	Produktiv grense for skog slik ho er merkt av i tiltaksplanen: frå 350 m.o.h. i ytre strok stigende til 600 m.o.h. i indre strok .
Tysvær	JA	350 m.o.h.
Vindafjord	JA	Skjold, Vats, Sandeid: 350 m.o.h, Vikedal, Imsland: 400 m.o.h.
Bjerkreim	NEI	
Bokn	NEI	
Haugesund	NEI	
Kvitsøy	NEI	
Lund	NEI	
Rennesøy	NEI	
Sokndal	NEI	
Time	NEI	
Utsira	NEI	